



Årsmøte 2011

Årsmøte vart halde på Solstrand Hotell & Bad i Os laurdag.26.februar.

Sak.1.Opning av møte.

Leiar Nils Inge Hitland ynskta årsmøte velkomne og gav så ordet til ordførar i Os Terje Søviknes.

Terje Søviknes : Han skisserte ein kommune i vekst og der det var trong for areal til utbygging, noko som gav press på areala. Det skapte færre og færre bønder. No er det 17000 innbyggjarar og veksten er på 3%. Solstrand Hotell var etablert av Christian Mikkelsen. Og mange av Bergens besteborgarar i den tida hadde Os som landsted ! Lysekloster la under seg mykje jordbruksareal på den tida dei var på høgden. Kommunen var glad for att dei hadde berga bygginga av Oselvaren norges nasjonalbåt. Dei såg og fram til att E39 no var løyst sjølv med bompengar ! Os løyser no ut mykje nytt næringsareal, 800 dekar og 500 dekar til bustader. Mottoet var : Os inspirerar. Dei byggjer no Oseana, kulturhus på 5800 m<sup>2</sup>

Kristin Semb Gjerde, leiar Fana-Os og Arna Sau og Geit tok for seg lagets historie,med mange smålag som i 1977 vart slått saman. Mykje aktivitetar er knytta opp mot Stend jordbruksskule. Store utfordringar med å driva bynært. Der hadde vel aldri vore noko særleg med geit i Fana. Medlemstalet gjekk ned frå dei i 1980 hadde 126 medl til i dag med 43. Ho sa att det var dyktige sauebønder i laget og då NSG vart skipa i 1947 var 3 frå Fana med på dette.

Dei hadde ein god del aktivitetar m a Landbruksdagar på Stend med klipping og vising av sauehundar. Det vart sagt att det var ei utfordring å driva no, då presset på areala var store. Sauetalet var no 1114 i Bergen og 361 i Os . Ho avslutta med å ynskja årsmøte velkomne til Os og håpa att det vart eit godt møte.

Leiaren sin tale

Gode årsmøteutsendingar og gjester.

2010 baud på mange utfordringar for sauehaldarane i Hordaland. Vinteren vart kald og våren let venta på seg. For mange førte dette med seg lang innefôringsperiode etter lamming. Hjå mange kom ikkje lamma ut før til 17. mai. Vårbeite hadde heller ikkje den farten på grasveksten som vi er vane med. Sommaren vart heller ikkje optimal med grovfôravlingar under normalen. Sjølv om vinteren var kald, var det lite snø i fjellet. Dette førte til at fjellbeita hausta tidleg, og mange fekk unormalt mykje sau som trakk ut or beita tidleg på hausten. Dette førte til mykje ekstra arbeid i sankinga.

Det vi har vore svært gode på dette året, er å forsyna marknaden med lam tidleg i sesongen. Til og med veke 37 (19. september) hadde Nortura motteke meir enn dobbelt så mange lam som til same tid i 2009. Dette gjorde sitt til at vi har teke ut målprisen og at salet av lammekjøt har auka med nesten 7%. I tillegg er reguleringslageret mindre enn 100 tonn ved inngangen til 2011. Alt dette er positivt for økonomien i produksjonen vår. Vi får betre betalt, vi tek ut målpris som gjev større tru på

at det er meir og henta, vi stettar marknaden og kundane våre betre, og vi bruker mindre midlar til marknadsregulering.

Korleis skal vi klara å følge opp denne positive trenden? Nøkkelen ligg i å levera mest mogleg av lamma direkte frå fjellbeite. "Gammal vane er vond og venda" heiter det. Slik er det med oss sauehaldarar og. Likevel bør fleire vurderer opplegget sitt om hausten. Tek ein lamma heim for å "dulla" med dei, går det fort to - tre veker før lamma som var slaktemogne i sankehegna vert leverte. Dette gjev dårlegare pris, fare for meir feitt-trekk og ikkje minst mindre beite til dei lamma som treng oppfôring. Tenk nytt. Snakk med dei som leverer direkte frå beite og prøv dette du og. Her er det pengar å spara/tena. Mindre kostnader med heimtransport, maks puljetillegg, høgare pris, mindre feitt-trekk, mindre arbeid heime, veginga unnagjort og betre tilhøve for lamma som treng oppfôring før dei er slaktemogne.

I tillegg til den direkte positive effekten dette har på kvar enkelt av oss sin økonomi, er det ein annan og svært viktig effekt; vi leverer det produktet som vert marknadsført. Flotte lam i fin norsk natur er det som er lammekjøtet si føremon i høve til annan kjøtproduksjon. Vi må vera klar over dette, og mest mogleg av eventuell auka produksjon av lammekjøt, bør skje gjennom og utnytta dei store utmarksbeite- ressursane vi har.

I Hordaland er vi så langt privilegerte i høve til tap av sau og lam til rovvilt. Totale tap av sau og lam på beite gjekk ned med 0,4% einingar frå 2009 og låg i 2010 på 3,4%. Snittet for heile landet er 6,28% og høgast ligg Nord-Trøndelag med 10,58%. Lite tap og store fjellbeiteområde i vårt fylke, som er lite eller ikkje nytta, gjev store moglegheiter. I så måte er det svært positivt at vi har fått på plass att beiteutval i fylket. 103 beitelag med tilsaman 135.000 dyr er tilslutta organisert beitebruk i Hordaland. Berre Sogn og Fjordane og Oppland har fleire.

Fylkesmannen og beiteutvalet er i gang med eit beiteprosjekt der radiobjøller skal prøvast ut i eindel beitelag. Radiobjøller virker. Det er utprøvd i andre delar av landet, som eit mogleg tiltak mot store tap til rovvilt. Sidan Hordaland ikkje har store utfordringar med rovvilt, har det vore vanskeleg å få økonomisk støtte til eit slikt prosjekt. Det er likevel viktig å gjera seg erfaringar med eit slikt hjelpemiddel i høve til dyra si adferd i beitet, tilsyn og hjelp i sankinga.

Norsk saueavl er i verdstoppen. Til dømes er Norsk Kvit Sau med ca. 110 000 søyer verdas største avlspopulasjon på sau. Norsk saueavl vert drive som eit samvirke- føretak, med stor eigeninnsats i form av dugnad. Dugnadsarbeid er og miljøskapande og gjev rom for utveksling av kunnskap. Kåringane er for mange eit høgdepunkt i saueåret. Då får ein målt resultatet av den innsatsen ein har lagt ner gjennom eit heilt år, og på mange måtar gjennom fleire år. Kåringsjåa er viktige i det sosiale miljøet omkring produksjonen vår. Vi treng gode møteplassar. Det arbeidet som vert gjort i avlsbesetningane og ringane står det respekt av. Framgangen ein har oppnådd er stor og målbar. For 30 år sidan deltok eg på eit sauemøte på Voss der hovudtema var; "Skal vi para lamma?" Mange var skeptiske til det, og med god grunn. Sjølv starta eg opp med sau for 20 år sidan. Då var det ikkje noko stas å få tvillingar på åringane. Det hadde dei ikkje melk til. I dag er det berre eit fåtall åringar, som ikkje kjem heim med slaktelam, når dei går med tvillingar. For slakteklasse er framgangen enno tydlegare.

Ei stor utfordring i avlsarbeidet er å spreia avlsframgangen til alle som driv med sau. Framleis er det mange gode kåra verlam og eliteverar som vert sendt til slakt, istaden for å spreia genene sine gjennom avkom i bruksbesetningane. Her har vi ei oppgåve med å synleggjera den framgangen som ein kan oppnå i eigen besetning, gjennom bruk av verlam og verar frå avlsbesetningane. Det er i dag og eit svært godt tilbod med sæd av gode verar gjennom NSG Semin. Her kan ein og få sæd frå dei fleste sauerasane vi har i landet. Det er bra at nokon ser nytten i å halda på mangfaldet i rasene vi har. Ein dag kan det verta trong for genar som vi i dag ikkje har registrert og som utan mangfald kunne gått tapt.

Sauebruka framstår ofte med flotte kulturlandskap. Kulturlandskapsprisen i Hordaland har ofte gått til sauebruk. I 2010 var det Ulvund gard i Voss kommune og grunneigarane Ulvund, Ekehaug og Dukstad som fekk denne prisen. Eg hadde sjølv gleda av å få oppleva dette flotte kulturlandskapet i fjor sommar. På ein fjelltur over Såtefjellet kom eg på veg ned att først til Øvste Ulvundstølen, så Nedste Ulvundstølen og så inn på innmarka. Alle i turfølge kommenterte kor fint det var. Når vi nærma oss tunet traff vi på prisvinnarane som fekk ros for det vi hadde sett på turen; flotte sauer og lam som beita i fjellet, fine stølar og svært veldrevne og ryddige gardsbruk.

Som siste argument for kvifor sauane skal sjå slik eller slik ut, til dømes øyrene opp, svart nase, farga ull eller horn høyrer ein ofte; "ja men vi må no ha noko fint og kvila augene på og" Det er viktig, men ikkje alltid like produktivt. Men denne evna til å argumentera for si sak, og det ein meiner er viktig, er ein stor ressurs som sauehaldarane har og som gjer at sauenæringa har stort engasjement hjå utøvarane. Det er ikkje mange lag som samlar halvparten eller meir av medlemmane sine på medlemsmøte, eller årsmøte. Dette ilag med stort fagleg engasjement gjer at eg har tru på framtida vår. Vi må i fylkeslaget arbeida for overføring av gode initiativ i ymse lokallag til dei andre som har mindre aktivitet. Det er imponerande å sjå korleis positiv aktivitet smittar. Bygger ein ny sauefjøs, eller utvider og effektiviserer drifta si, vil ofte dette inspirera andre i same området til det same.

Vi bur i eit av verdas rikaste land, der mange meiner at vi kan kjøpa billeg mat, som er produsert andre plassar i verda. Alle prognoser tyder på at mat vert mangelvare, etterkvart som vi i stadig større tempo vert fleire på denne kloden. Norsk lam vert stadig trekt fram som verdas beste. Vi produserer i rein norsk natur, der vi utnyttar utmarksbeite, som ein ellers ikkje kunne nyttiggjort til matproduksjon. I haust såg vi endeleg at dei som omset kjøtet vårt og ser dette og slutta med å by det fram til spottpris for å lokka kundar til butikkane sine.

Vi kan vera stolte av å vera sauehaldarar som produserer god og rein mat på utmarksressursar, og som heldt kulturlandskapet i hevd.

Takk til resten av styret og lokallaga for godt samarbeid. Eg vil og takka Nortura og Knut Sygnestveit som tok på seg sekretær oppgåva i fylkeslaget.

Lukke til med årsmøtet!

Møteleiar Martin G.Haugland leia årsmøte vidare.

Sak.2.Namneoppprop.

Svein Misje føretok namneoppprop.



Det var 46 Røysteføre i salen.

Sak.3. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Samrøystes godkjent.

Sak.4.Valg av skrivar og to personar til å skriva under møteboka

Valde vart Gunstein Sætre og Kåre Hole.

Knut Sygnestveit og Steinar Steine vart valde til å skriva møteboka.

Ove Holmås frå styret i Nsg presenterte smittevernplan. Ny forskrift om hold av småfe er og undervegs. Vert utarbeidd av mattilsynet. Oppfordringa er å tenkja smittevern i alt me gjer. Ser likevel ut til å verta opna for livdyrhandel over fylkesgrensene. Han oppfordrar sauehaldarane til å ta smittevern meir på alvor, sjølv mellom naboar mm.

Han ville og få ei tilbakemelding på kontingenten til NSG. Mange ville ikkje auke den , men gjerne ha den mindre i starten for mange av dei nye, så auka den.

I uttale til Jordbruksforhandlingane, vil NSG fremja desse synspunkta for forhandlarane :

Auka utmarksbeitetillegg

Auke i målpris

Vert likevel vanskeleg å få få til husdyrtilskot på påsettlam

Auka kvalitetstilskot på slakt

Det vart debatt på om me bør auke husdyrtilskotet i botnen eller på toppen.

Det var semja i møte om att ein framleis skal ha høgt dyretilskot på låge dyretal.

Sak.5. Årsmelding

Nils Inge Hitland gjekk raskt gjennom årsmeldinga der han orienterte spesielt om heimesida som no er oppe og alle må nytte.

Kommentarar:

Ivar Børve :Telefonmøte er ei billeg møteform,som må nyttast.

Tor Atle Sørheim gjekk gjennom årsmeldinga frå avlsutvalet

Kommentarar: Ingen

Audun Seilen gjekk gjennom årsmeldinga frå gjetarhundnemda

Kommentarar : Anders Skjerveggen sa att det no var hundetrening på Voss jordbruksskule i ridehallen der og att interessa var bra.



Heile årsmeldinga vart samrøystes godkjent

#### Sak.6.Rekneskap

Steinar Steine gjekk gjennom rekneskapen. Det vart stilt oppklaringsspørsmål til kvifor det ikkje var brukt pengar på jolebordsturen sjølv om det var budsjettert. Svaret var att alle som deltok betalte sjølve !

Og spørsmål til lågare kursutgifter enn budsjettert.

Rekneskapen vart så samrøystes godkjent.

#### Sak.7.Valg.

Mons Kjetil Vevle gjekk gjennom innstillinga frå valnemnda

Spørsmål: Kvifor er det ingen kvinnelege kandidatar?

Valnemnda meiner likevel att dette er den beste samansetjinga

Leif Trygve Berge stilte spørsmål til styregodtgjerdsla . Dette vart diskutert og han la fram eit forslag som var vedlagt møteboka som viser att valnemnda skal ta opp dette til neste år.

Elles var debatten prega av : Fleire kvinner i styret og høgare styregodtgjerdsla .

Sak.7.Valg av leiar. Framlegg om attval på Nils Inge Hitland.

Ved skrifteleg val fekk han 45.røyster.

Sak.8.Valg av styremedlemmer. På val Birgitta Vedøy og Svein Misje.

Val av styremedlemmer, valde vart Egil Øvstebø 45 røyster og Olav Håvardsholm 44 røyster.

Sak..9.Valg av nestleiar. Samrøystes vald Reidar Kallestad.

Sak.10.Valg av varamedlemmer. 1.Anita Jordalen Reg.7 ny.2.Frode Tveito Reg.6.ny.3.Kjartan Bergsvåg Reg.7.attval.

Sak.11.Valg av utsendingar til sitt NSG årsmøte. Valde vart : Styret og fyrste varamann.

Sak.12.Val av revisorar : Knut Kvamme og Jan Geir Jensen. Vara Rune Lavik, samrøystes.

Sak.13. Val av møteleiar til årsmøte i 2012. Vald vart Martin G.Haugland samr. Vara John Karsten Raunholm.

Sak.14.Godtgjerdsla til leiar og styremedlemmar.

Styreleiar Kr.22000.nestleiar kr.10000.Styremedlem og vara kr.500.pr.møte. Samrøystes.

Årsmøte ved Leif Trygve Berge la fram eit forslag der valnemnda for neste år skal ta opp dette med godtgjerdsla til heile styret i tillegg til leiarane i avlsutvalet og gjetarhundnemnda. Styret oversender valnemnda oversikt på antal møte reiser telefonmøte m m. Dette vert så teke opp som sak i neste årsmøte. Samrøystes vedteke.

Sak.15.Val av valnemnd for 2012.

Attvalg på Mons Kjetil Vevle Reg.3.vara Magnar Stien.Even Øyri reg.5.vara,Leif Trygve Berge.Lars J.Tveit reg.6.vara,Inga W.Rørlien.Siren Bryn, reg.7.vara Ivar Haug.

Valde i 2010,Reg.1.John Sævreid, vara Berit Guddal.Reg.2.Kato Frøvik, vara Ola Steinsland.  
Reg.4.Gunnstein Sætre, vara Wenche Ekren.

Sak.16.Innkome saker. Dette var ei sak styret fremja til årsmøte.

Ny giv for sauehaldet i Hordaland:

Leiaren orienterte om prosjektet auka motivasjon i sauehaldet i Hordaland.

Debatt

- Ove Holmås Ta god tid og få økonomien på plass
- Turid Sundt Sogn og Fj. Har vel eit liknande prosjekt.
- Ivar Børve må få meir sau i Hordaland der me har høg fjellsbeite.
- Lars Helge Ljone Sjå etter kva som gjekk gale andre satder der slike prosjekt har vore prøvde.
- Ole Andreas Våge Dette krev stor entusiasme og konkrete mål
- Audun Seilen Me treng eit prosjekt for å få opp engasjement !
- Reidar Kallestad Skal dette fungera må lokallaga fungera
- Berit Dale Send ut ei høyring til lokallaga for å kartlegga kva ei ynskjer
- Teje Strandtun Få opp lokalt engasjement.
- Anita Jordalen Medlemmene er vanskelege å få ut, skal eg henta dei heime ?
- Reidar Kallestad De må ikkje gje opp,viktig att de tek tak i dette!
- Eilef Veseth Sjå på små og jordnære tiltak som kjem medlemmene til nytte
- Svanhild Aksnes Det er viktig at HSG eig prosjektet
- Anders Skjerveggen Det var eit prosjekt som såg på samdrifter for nokre år sidan
- Nils Inge Hitland Styret ser på eit prøveprosjekt over eit år
- Ole Andreas Våge Glimrande ide
-

Reidar Kallestad gjekk gjennom den. Han sa att det er viktig att alle lokallag får på plass alle si E post adr. Slik att dei lett kan fylgje med på sakene.

#### Innspel

- Terje Strandtun: Etterlyser ei navneliste over ressurspersonar på avl, veraringar , sauekontroll, smitte og lignende
- Ivar Børve Meir profilering av fjellam, må marknadsføra dette meir.
- Anita Jordalen På Vossestrand har dei fjøsskule.
- Mons Kjetil Veve foreslår at lokalaga peikar ut ein nettsideansvarleg
- Anders Skjerveggen Beiteutvalet må ha ein epistel i årsmeldinga
- Lars Helge Ljone Etterlyser hjelp til å melda endringar til Brønnøysund
- Ove Holmås Det er ikkje noko med om medlemsverving
- Arbeidsplanen vart så vedteken med dei kommentarar som kom fram.

Sak.18. Budsjett. Leiar gjekk gjennom det, slik som styret hadde gjordt framlegg om.

- Sture Tveit Budsjett må vera i balanse.
- Eilev Veset Mange medlemmar får ikkje årsmelding, då dei ikkje har E.post !
- Ole A.Våge Budsjett må vera i balanse. Styret må sjå nøyte på pengebruken, det svara leiaren att ein måtte gjera kvart år.
- Magnar Stien Må få på plass att alle får årsmelding på E post heretter.
- Sture Tveit Bruk overskot frå før, kan vera eigen post.

Sak.19. Ander saker. Leiar orienterte om Agro Hordaland. Vil de ha leiarmøte i samanheng med det ? Dei fleste ville det , men det var vanskeleg å ta fri fred. for mange som er i arbeid.

Njåstad frå Bondelaget takka for invitasjonen til møte og sa att Hordaland Bondelag var oppteken av sauehaldet, spesielt ventar dei no på den nye Landbruksmeldinga.

Svanhild Aksnes frå FMLA takka for invitasjonen til møte. Det var mange saker av stor interesse, og eg vil oppfordre dykk til å ta vare på det vesle geitehaldet som er att i Hordaland. Vidare ynskjer eg dykk til lukke med prosjektet med auke i sauehaldet og att det er positivt att det er HSG som er eigar ev det.

Leiar Nils Inge Hitland takka for tilliten ved å verta vald på nytt. Han takka for eit godt møte med gode debattar og innspel.